



sørfrøningen

INFORMASJONSAVIS FOR SØR-FRØN KOMMUNE | NOVEMBER 2023

Nokon kjem og nokon går

SIDE 3

Trufaste tenarar

SIDE 9

Dramatiske døgn

SIDE 12

Bøker på flyttefot

SIDE 14



Kjære sambygdingar!

I skrivande stund ser vi alt mot slutten av oktober, og vi kan sjå attende på ein spesiell haust og ein spesiell sommar. Våren var kanskje normal, men første del av sommaren var unormalt solrik, turr og vindfull. Dette snudde brått når uveret «Hans» kom på besøk.

Skadeomfanget vart svært stort, og det vil ta lang tid før alt er retta opp og forbetra. Det viktigaste framover blir at Staten sørger for skjønnsmidlar til kommunane som sikrar nettopp det. Ingen kommunale budsjett kan ta høgde for slikt.

Fleire vart evakuerte, men ingen vart alvorleg skadd. Det er all grunn til å glede seg over det, og rette ein varm takk til alle som bidrog. Mange stilte opp med innsats ein på ingen måte kan forvente.

Mange merka også svært godt økonomiske konsekvensar at Peer Gynt måtte avlysast.

Fleire tek kontakt med meg med spørsmål om ansvarsforhold. Det blir ein anna viktig sak framover, for ansvarsforholda er på ingen måte klare nok. Mange av spørsmåla er dei same som var stilt i 2011 og 2013, og det er på ingen måte greitt at det skal vere slik. Svaret er samansett, men handler mellom anna om at NVE må få større økonomiske rammer og breiare mandat.

Prosessen med å få rekruttert ny kommunedirektør enda etter to rundar med utlysing med at kommunestyret vedtok å ansette Anne Holsbrekken. Anne ønskes lykke til som toppleiar i ein stor og kompleks organisasjon som ein kommune er, og som øvste leiar for rundt 350 personar.

Hausten var naturleg nok prega av valkamp fram til kommune- og fylkesvalet i september.

Fire politiske parti og i alt 63 personar stilte til val. Det fortel at engasjement for bygda vår framleis er svært stort.

Kommunestyret konstituerte seg den 19. oktober, og 19 representantar er klare til innsats. Fleire er nye og fleire held fram. Eg ser fram til fire år med gode diskusjonar med stor takhøgde – og samarbeid til det beste for alle. Talet på representantar fordelte seg slik etter valet: Sør-Fron Arbeidarparti 6, Sør-Fron Høgre 2, Sør-Fron Bygdeliste 2 og Sør-Fron Senterparti 9.

Elles er det meir ustabilitet og vondt i verda enn det har vore på lang tid. Også vi får kjenne på det. Det kjem mange flyktningar hit nå som er i ein svært vanskeleg situasjon vi på ingen måte kan forstå korleis er.

Ole Tvette Muriteigen
ORDFØRAR I SØR-FRON



sørfrøningen

er gitt ut av Sør-Fron kommune.

Redaktør: Bjørn K. Sletten,
E-POST bjorn.sletten@sor-fron.kommune.no

Redaksjon: Live Jørstad Bakka, Grete Hølmen, Åge Øverjordet, Anita Skjeggstad Nord, Eivind Lund, Liv Randi Sundhagen og Bjørn K. Sletten.

Framsidedfoto: Per Ivar Dahlum

Baksidedfoto: Per Ivar Dahlum

Utforming: Janne Kolås, Krible Design

Slik blir det nye kommunestyret

I haust var det kommuneval. I det nye kommunestyret er det nokre nye fjes, og nokre vi kjenner frå før.

I slutten av oktober var det konstituerande kommunestyremøte. Det er det møtet kor kommunestyret offisielt blir sett, ordførar og varaordførar for dei fire neste åra blir valt, og partia oppnemner og vel sine representar inn i ulike råd og utval.

Vi kan nemne at det nå også blir to nye hovudutval i Sør-Fron kommune, utval for helse og oppvekst, og utval for plan og teknikk.

Det er til saman 19 plassar i kommunestyret i Sør-Fron, og det endelege valresultatet ser slik ut:

Senterpartiet: 47,7 prosent, ned 4,7 prosentpoeng (9 mandat)

Arbeidarpartiet: 32,9 prosent, opp 0,2 prosentpoeng (6 mandat)

Høgre: 11,3 prosent, opp 7,7 prosentpoeng (2 mandat)

Sør-Fron Bygdeliste: 8 prosent, ned 0,8 prosentpoeng (2 mandat)



Det nye kommunestyret har denne samansetninga:

- Ole Tvette Muriteigen (SP)
- Kristin Vold Lexander (SP)
- Sigurd Kongsli Kjørstad (SP)
- Hans Mathias Ulberg (SP)
- Morten Tofte (SP)
- Andre Sandbuløkken (SP)
- Asmund Wadahl (SP)
- Anders Sveipe Bergseth (SP)
- Astrid Karine Bratfos (SP)

- Arne Bredeveien (AP)
- Liv Bjerke (AP)
- Jone-Elisabeth Strand (AP)
- Arild Berntsen (AP)
- Unni Dalbu (AP)
- Hege Bjørkli (AP)
- Amund Rudi (H)
- Lars Moen (H)
- Stein Nerli Morken (SFBL)
- Odd Midtlin (SFBL)

Takka av etter fire år

Sør-Fron kommunestyre 2019–2023 vart takka av etter fire år den 7. september. Kommunestyret gjennomførte siste møte på Dalseter fjellhotell før dei hadde sosialt samvær på Ruten fjellstue.

Foran frå venstre: Kommunedirektør Anne Holsbrekken, Knut Brandrud (AP), Jone-Elisabeth Strand (AP), ordførar Ole Tvette Muriteigen (SP), varaordførar Gunhild Haave (SP), Wenche Rønningen (SP), Anders Sveipe Bergseth (SP), Jon Suleng (SFBL). **Bak frå venstre:** Ragnhild Haugland Ulberg (SP), Per Gunnar Hagelien (AP), Unni Dalbu (AP), Hege Bjørkli (AP), Magnus Berge (SP), Kristin Vold Lexander (SP), Arne Bredeveien (AP), Hanne Skogum Monshaugen (SFBL), Svein Rune Jetlund (SP), Amund Rudi (H), Jens Magnus Larshaugen (SP) (varamedlem), Brit Dalseg (SP).

Ikkje tilstades: Erik Wethal Haave (SP). **Foto:** Hilde Jordbruun



Sør-Fron kommunestyre 2019 – 2023

Gler seg til eit nytt kapittel

19. oktober vedtok kommunestyret i Sør-Fron å tilsette Anne Holsbrekken som ny kommunedirektør. Holsbrekken er både glad og spent framfor oppgåva.

Ho er ingen fersking i Sør-Fron kommune, den nye kommunedirektøren. Sin fyrste jobb i kommunen fekk ho allereie på slutten av 80-talet. Sidan har ho hatt ei rekkje ulike stillingar og kjenner kommunen godt.

Anne Holsbrekken er eigentleg frå Lesja, men har budd på Harpefoss store delar av livet. Dei siste åra har ho vore kommunalsjef for personal og organisasjon, og sidan 2. februar har ho vore konstituert i stillinga som kommunedirektør. I oktober fekk ho «fast jobb».

– Det er med glede og spenning eg har teke fatt på

oppdraget som kommunedirektør. Her er det mange oppgaver som skal løysast framover. Mitt mål er fyrst og fremst at kommunen skal vera til for innbyggjarane, og derfor må vi stadig utvikle tenestene og tenke heilskap, seier Holsbrekken.

Kjenner organisasjonen godt

Det var eit samrøystes tilsettingsutval som falt ned på Holsbrekken som den beste kandidaten etter to utlysingsrundar gjennom sommaren. Det var tretti søkarar i den siste runden.

– Som leiar for ein stor og viktig arbeidsplass, vil eg trekke fram alle dei dyktige og dedikerte medarbeidarane vi har her. Ikkje minst under uværet Hans såg vi kor viktig det er med god beredskap og samarbeid. I Sør-Fron har vi engasjerte politikarar, og eg vil bidra til at politiske saker blir lagt fram på ein ope og god måte



Anne Holsbrekken er ny kommunedirektør i Sør-Fron kommune. Foto: Sør-Fron kommune

og at vedtaka blir gjennomført. Eg kjenner også organisasjonen vår godt, og veit kva som er våre sterke sider, og kva for felt vi må styrke framover, seier Holsbrekken.

Denne hausten har mykje handla om uvær, opprydding og sjølvstekt haustens vakreste eventyr: Budsjettarbeidet. Nå ser Holsbrekken framover.

– Den kanskje aller viktigaste saka for kommunen dei to, tre neste åra er skulebygging. Politikarane har vedtatt å bygge

ny skule for alle skulelevane våre på Harpefoss, og det blir ei svært viktig oppgåve for administrasjonen å følgje opp det vedtaket på best mogleg måte. Men vi skal også bygge nytt bibliotek og ny helsestasjon, for å nemne noko. Det er mange, store prosjekt, og alt heng saman med alt. Eg ser fram til ei travel førjulstid!, avsluttar den nye kommunedirektøren.

Har bosatt 40 flyktninger

Sør-Fron kommune har nå fått utsøkt de 40 flyktningene som ble vedtatt bosatt i 2023. 32 av disse er allerede bosatt i kommunen, og de siste åtte vil bli bosatt i løpet av november måned.



De ansatte hos Midt-Gudbrandsdal flyktningstjeneste har i løpet av året bosatt mange flyktninger. Foto: Bjørn K. Sletten

Eit startpunkt for framtida

Siste helga i haustferien vart det nye Startpunkt Verksodden offisielt opna. Punktet fortel både om gruvehistoria i Espedalen, men er og porten inn til Langsua nasjonalpark.

Startpunkt Verksodden er eit prosjekt som strekker seg attende til våren 2019.

Da fekk Sør-Fron kommune ein henvendelse frå nasjonalparkforvaltar i Langsua, Morten Liebe, med førespurnad om det var interesse for å vera med på eit informasjonsprosjekt knytt til Verksodden, der informasjon om både nasjonalparken og dei kulturhistoriske verdiane i området skulle med.

– Det var det enkelt å seie ja til, seier tenesteleiar for kultur og kommunikasjon i Sør-Fron kommune, Bjørn K. Sletten.

Det har tatt tid å få ferdigfinansiert prosjektet. Men med god hjelp frå mellom anna Miljødirektoratet, Langsua nasjonalparkstyre og Riksantikvaren er prosjektet endeleg i hamn, og 1. oktober var det høgtideleg opning.

Viktig tilrettelegging

I si tale la Morten Liebe frå Langsua nasjonalpark vekt på naturverdiane som ligg lett tilgjengelege i Langsua, og korleis eit slikt tilretteleggingsprosjekt både kan synleggjere dei, men også vera viktig for å ta vare på verdiane. Ordførar Ole Tvette Muriteigen rosa dei involverte, og var glad for at Espedalen har fått eit løft gjennom dette prosjektet.



Bjørn K. Sletten i Sør-Fron kommune takka for samarbeidet med Liebe og nasjonalparken, med Innlandet fylkeskommune, reiselivet, lag og foreningar i Espedalen og entreprenør Anleggsgartner Arnesen, som har vore utførande ledd. Nordplan og Krible Design fekk også takk for godt utført arbeid med utforminga av informasjonspunktet.

Prosjektet er fyrste del av eit større formidlingsarbeid som er tenkt rundt Verksodden og historia i Espedalen.

– Sakte, men sikkert, håpar vi at fastbuande, deltidsinnbyggjarar, turistar og andre skal ane meir og meir av konturane av denne byen som forsvann, sa Bjørn K. Sletten under opninga.

Stein Villa bidrog med flotte tonar på musikkinstrument laga av mellom anna bein og fleire tusen år gamalt trevirke.



Mange hadde møtt fram for å ta del i den offisielle opninga av Startpunkt Verksodden. Alle foto: Live Jørstad Bakka



Viktige telefonnummer

Kommunalteknisk døgnvakt (vann og avløp): 911 63 689

Kommunale veier døgnvakt: 950 39 429

Vakttelefon bygningsdrift (gjelder helger, jul og påske): 916 15 863

Hjemmetjenesten (hjemmesykepleien): 913 53 955

Sørheim omsorgssenter, langtidsavdeling B: 480 25 098

Sørheim omsorgssenter, langtidsavdeling C: 480 27 557

Sørheim omsorgssenter, demensavdeling B: 913 49 168

Sørheim omsorgssenter, avdeling E: 480 28 417

Sørheim omsorgssenter, korttid: 475 15 687

Sørheim omsorgssenter, natt-tjenesten (kl. 22.15–07.30): 910 00 908

Barnevernvakt (kl. 15.00–08.00 og i helgene): 404 04 015

Veterinærvakt Fron: 61 29 14 00

Mattilsynet: 06040

Fallvilt, politi: 02800

Rovvilt, juni–september (bemannet kl. 07.00–22.00): 948 78 944

Lege

Sør-Fron legesenter: 61 29 91 00

Åpent: mandag–fredag, kl. 08.00–15.00

Nasjonalt nummer legevakt: 116 117

Øyeblikkelig hjelp: 113

Brann

Midt-Gudbrandsdal brann- og feiervesen: 61 28 31 80

Vakttelefon brannvesen lokalt: 975 88 395

Øyeblikkelig hjelp: 110

Politi

Fellesnummer: 02800

Midt-Gudbrandsdal politistasjon: 61 05 32 10

Øyeblikkelig hjelp: 112

Barn og unge i fokus

I januar 2023 fekk Sør-Fron kommune støtte frå Buudir og starta opp med eit prosjekt der hensikta er å lage ein heilhetlig modell mellom ulike tjenester for barn, unge og familier. Prosjektet heiter «Barn og unge i fokus – gjennom god tverrfagleg samhandling i Sør-Fron».

Styrke samarbeidet

– «Barn og unge i fokus» kan bidra til at tjenestene for barn og unge blir enda betre og at vi kan styrke samarbeidet på tvers av tjenestene, seier prosjektleiar Liv Randi Sundhagen.

Gjennom prosjektet skal Sør-Fron kommune lage ein god modell for å oppdage og hjelpe barn, unge og familiar som har det vanskeleg, før utfordringane blir så store at dei blir vanskelege å handtere.

– Det er barnet og familien sjølv som veit best kva som kjennes vanskeleg. Barns medverknad og familiens medverknad er derfor heilt sentral, seier prosjektleiaren.

Dei ulike tjenestene

Det er mange kommunale og interkommunale tenester involvert i prosjektet. For dei som ikkje kjenner godt til tenestene frå før, kan det være vanskeleg å vite kva dei jobbar med og kva dei bidreg med i eit tverrfagleg samarbeid.

– Derfor er det laga ein film der kvar teneste presenterer

seg og si rolle i prosjektet, seier Sundhagen. Filmen kan du sjå på Sør-Fron kommune si heimeside, sør-fron.kommune.no

– Helsestasjonen, barnehage og skule er dei tenestene som møter dei fleste barn og familiar. Derfor er det viktig å sørge for at desse tenestene har god kompetanse på å samtale med barn og unge, skape gode relasjonar og hjelpe barn, unge og familiar på ein slik måte at det opplevast som nyttig og riktig, seier prosjektleiaren.

Tjenestene som deltek i filmen og i prosjektet er barnehage, skule, helsestasjon, Midt-Gudbrandsdal pedagogisk psykologisk teneste (MGPP), barneverntjenesten, rus og psykisk helse, flyktningetjenesten og politi.

Utarbeida av Sør-Fron ungdomsråd.



Barn og unge sin medverknad

SØR-FRON KOMMUNE
Den grane kulturbygda

Eigen mening
For at barn og unge skal kunne påverke er det viktig å få prate om det ein sjølv meiner.

Forslag til handling
Barn og unge har ofte sjølv forslag til kva som er best å gjere og kva som er gode tiltak.

Unngå press og mas
For at barn og unge skal opne seg og prate med vaksne må dei ikkje bli pressa. Barn og unge prater om dei opplev å bli møtt av trygge vaksne.

Trygge vaksne
Barn og unge ønskjer å møte vaksne (i alle tjenester) som viser tryggleik, engasjement, og omtanke. Som er opne og ikkje dømer på førehand.

Foran f.v: Tone Kalstadstuen (spesialpedagog, skule), Liv Randi Sundhagen (prosjektleiar), Eli Oda Segelstad (barne- og familierettileiar), Kari Gryttingslien (fagkoordinator psykisk helse), Ann Kristin Hoel (nestleiar barneverntenesta Midt-Gudbrandsdal). Bak f.v: Ingrid Wistad (helsesjokepleiar), Eivind Lund (kommunalsjef oppvekst), Tor Otto Stormo (leiar Midt-Gudbrandsdal pedagogisk psykologisk teneste), Per Morten Nyena (leiar Nav Midt-Gudbrandsdal).

Tilgjengeleg informasjon

Det kan vere vanskeleg å finne fram til informasjonen ein treng, eller kvar ein kan få hjelp om ein ønskjer det. Spesielt for barn og unge er det viktig at denne informasjonen er lett tilgjengeleg og at den finnes på plattformer der dei deltek. Derfor skal det utarbeidast god, visuell informasjon for barn og unge, spesielt på nett og i sosiale medium.

Når det gjeld kunnskap og kompetanse, har prosjektgruppa kartlagt arenaer for samhandling og kva som fungerer godt. Det er gjennomført ei

undersøking blant tilsette i dei aktuelle tenestene for å sjå kva kompetanse vi har og kva vi ønskjer meir av.

Det kommande året skal prosjektgruppa jobbe vidare med utvikling av samhandlingsmodellen, informasjon og opplæring i tenestene og involvering av barne, unge, føresette og tilsette.

Namnet «Barn og unge i fokus» er utarbeida av Sør-Fron ungdomsråd. Dei har også kome med gode råd til vaksne om korleis barn og unge ønskjer å bli møtt og korleis dei vil medverke.



Slik ser utstillingen ut. Alle foto: Live Jørstad Bakka

En attraksjon rikere

I trappeoppgangen i Hjerkebanken på Hundorp kan du nå bli bedre kjent med bankens opprinnelse og historie.

Sparebank 1 Gudbrandsdal har i samarbeid med Sør-Fron kommune og Krible Design jobbet med å utvikle en bankutstilling i de gamle banklokalene.

– Det lå som en forpliktelse i forbindelse med kommunens kjøp i sin tid, at banken skulle lage noe som fortalte innbyggerne om banken og dens opprinnelse i Sør-Fron, forteller samfunnskontakt i Sparebank 1 Gudbrandsdal, André Vinje Arntzen.

Kommunen og banken har jobbet et drøyt års tid med å lage en permanent utstilling, sammen med Krible Design og personer som kan historien til banken godt. 6. september var det høytidelig åpning, med kake, taler, musikk og sjølsagt omvisning i utstillingen. Hjerkebanken er åpen store deler av døgnet, og det er bare å stikke innom for å ta en titt på utstillingen!

Ny skule på Harpefoss: Ei spennande reise mot framtida

Sør-Fron kommune går spennande tider i møte, med planane om ein ny 1–10 skule som skal stå ferdig i august 2026. Nyleg har det vorte tatt eit viktig steg framover i prosessen.

Kommunalsjef Eivind Lund og prosjekt-leiar Per Ivar Dahlum har vore tett på prosessen så langt, og oppdaterer oss på framdrifta.

– Fase 0 i prosjektet går nå mot slutten, seier Lund. Dette har vore ein lærerik prosess der vi har jobba grundig med førebuingane for den komande skulen. Vi er nå i slutfasen med å velje entreprenør, og dette har vore ei viktig avgjerd.

Samspelskontrakt


Sør-Fron kommune har valt å nytte seg av samspelskontrakt for å sikre at prosjektet går knirkefritt. Fleire store nasjonale entreprenørar har vist stor interesse for å delta i utviklinga av den nye skulen.

– Det er gledeleg å sjå at så mange anerkjente entreprenørar ønskjer å samarbeide med Sør-Fron kommune i dette prosjektet. Vi har valt ein grundig, medverkningsbasert tilnærming, og det er viktig for oss å få innspel frå alle relevante aktørar, seier Dahlum.

Fase 1 i prosjektet er planlagt å starte så snart kontrakten med entreprenøren er underskriven i slutten av oktober 2023. Dette markerer byrjinga på ein omfattande medverknadsprosess som vil pågå fram til mars–april 2024. I løpet av denne perioden vil vi få ei god forståing for korleis den nye skulen vil sjå ut og kva



Grunnarbeid for modulbygga på Midtbygda tok til hausten 2023. Foto: Per Ivar Dahlum



Slik blir modulbygget som skal huse den midlertidige skuledrifta sjåande ut.

ho vil koste. Dette gjev oss moglegheit til å tilpasse prosjektet i samsvar med behova og ønskja til elevane og lærarane våre.

Midlertidig skuledrift

Samstundes som arbeidet med den nye skulen er i gong, har kommunen også sett i gong tiltak for den midlertidige skuledrifta.

– På Midtbygda skule er vi no i ferd med å gjere klart for å ta imot elevane frå Harpefoss skule, seier Lund.

Det er planlagt oppføring av ein modulbygning som vil innehalde fem klasserom og lærarrom. Dette vil sikre at elevane får ein trygg og god skuledag.

I tillegg til modulbygget blir parkeringsplassen ved skulen utvida og forbetra for

å imøtekome behova til både elevane og tilsette. Modulbygget blir forventa å stå ferdig i veke 46, og frå den 4. mars 2024 vil elevane frå Harpefoss skule og Midtbygda skule starte opp saman på Midtbygda skule. Elevane på ungdomsskulen vil då ta i bruk Harpefoss skule som midlertidig skulestad, og frigjere området ved Glasmestermoen for bygginga av den nye skulen.

– Vi forstår at dette kan medføre nokre endringar og utfordringar, men vi forsikrar om at vi vil gjere alt vi kan for at dette skal bli bra for alle, seier Lund.

– Vi ser med spenning på framtida, og dette prosjektet vil ikkje berre gi Sør-Fron kommune ein ny skule, men òg styrke lokalsamfunnet og gi våre elevane ei enda betre utdanning. Vi ser fram til å følgje progresjonen i dette spennande prosjektet og ynskjer alle innbyggjarar velkomne til å delta i medverkningsprosessen, seier Lund og Dahlum.

Sør-Fron kommune går mot ei lys og spennande framtid med den nye skulen på Harpefoss, og vi vil halde dykk oppdatert om utviklinga i tida som kjem.

Heidra trufaste tilsette

27. september var det markering av tilsette som har 25- og 35 års teneste i Sør-Fron, samt dei som har gått over i pensjonistane sinne rekkjer.



Dei som har gått over til å bli pensjonister siden sist samling:

Frå venstre: Ole Tvette Muriteigen (ordførar), Edda Borgen, Anna Marie Furuli Wangen, Hjørdis Heimstad, Liv Merete Pettersen, Bente Dahl, Marit Nyhus, Bente Vangen, Anne Ringen Amundsen, Anne Holsbrekken (kommunedirektør).





Tilsette som har vore samanhengande tilsett i 35 år:

Frå venstre: Ole Tvette Muriteigen (ordførar), Ingen Johanne Nylund, Liv Merete Pettersen, Anne Holsbrekken (kommunedirektør).



Tilsette som har vore samanhengande tilsett i 25 år:

Frå venstre: Ole Tvette Muriteigen (ordførar), Elisiv Teigen, Mai Liss Vangen, Tone Strømstad, Åshild Kraggerud, Monika Solberg, Bente Dahl, Tove Susann Haug, Anne Holsbrekken (kommunedirektør).



Golvet i kulturhuset er nyslipt og nymerka.
Foto: Gunnar Solli

Nyslipt golv og ombygd tribune

Denne hausten har Sør-Fron kulturhus fått ei aldri så lita andletslyfting. I 2022 stod teleskopamfiet klart, men det viste seg raskt at det var behov for ombygging for å ivareta krav til standardmål for idretten. Etter ein lang og omfattande prosess kunne kommunen endeleg invitere lag og foreningar til nyslipt og nymerka golv (dalens beste?) og ombygd teleskopamfi rett etter haustferien!



Valsfjellet. Foto: Brit Synnøve Berge

Nesten 19.000 stolpebesøk

De 2 935 stolpejegerne som deltok i årets stolpejakt i Sør-Fron, hadde 60 helt nye stolpeplasseringer å bryne seg på.

En liten nedgang fra året før, men vi er ikke misfornøyde av den grunn.

– Ekstremværet Hans satte en demper på jakta i år, i tillegg til generelt dårlig vær store deler av sommeren, så vi er fornøyde med nesten 3 000 jegere, sier tjenesteleder for kultur- og kommunikasjon Bjørn Sletten.

I tillegg til stolper på fjell og i skog, valgte vi å ha flere sentrumsnære og lett tilgjengelige stolper denne gangen. Stolpejakten er noe som skal være tilgjengelig for alle, og da er det viktig med god variasjon i stolpeplasseringer. Mest besøkt i år er mange av de sentrumsnære stolpene, hvor to av dem har over 800 besøk hver, Leikeplassen på Lykkjehordet og Tufteparken i Brudalen.

Totalt var det 18 905 stolpebesøk på de 60 nye stolpene. Det gir et snitt på 6 stolper per jeger.

– Det er et bra resultat, sier tjenestelederen. Vi er glade for at så mange tar seg en tur ut, får frisk luft og kanskje opplever nye plasser i bygda. Å finne 60 helt nye stolpeplasseringer har ikke bare vært enkelt, men vi føler vi fikk til god variasjon og mange fine turmål.

Hvor stolpene blir plassert neste år er ikke avklart enda, men vi lover en god variasjon av turer i skog, fjell og sentrum.

– Kom gjerne med forslag til nye stolpepunkt, oppfordrer tjenestelederen.

Send oss ditt forslag!

Har du tips til nye plasseringer av stolpene? Det kan være enkle turer, topper i kommunen eller gjemte og glemte kulturminner og skatter rundt omkring i bygda. Send ditt forslag til bjorn.sletten@sor-fron.kommune.no innen 1. februar 2024.

Juvel ved juvet

Ein ny «kunstjuvel» er på plass ved Harpefossjuvet. Harpefoss kunstarna har bygd ein gangbane, «Okulus» som blir eit utandørs visningsrom for visuell kunst. Målet er også at kommunale tenester skal bruke området. Vel verdt eit besøk! Offisiell opning var 14. oktober.



Alle foto: Live Jørstad Bakka



Foto: Aleksander Holst

Ingen torsdag utan ...

... eller i alle fall nesten ingen torsdag utan Torsdagstreff. Gjennom året arrangerer kommunen saman med frivillige torsdagstreff på bygdausa i kommunen. Godt besøkt, og veldig triveleg! Følg med på kommunen si heimeside for info om tid og stad.

Ein fin tradisjon

Torsdag 28. september var det eldredag på Harpefoss grendahus, kl. 12.00–15.30. Eldredagen er ein fin tradisjon som i år samla om lag 70 eldre i «alle aldre».

Det var loddosal, bevertning og underhaldning. Barneskulane i Sør-Fron bidrog med song, og det var underhaldning ved Liv Larsen, Nils Hagen og Lillian Bakken Granberg.

Frivillig innsats ga ny vedmaskin

Fredag 23. juni fikk Sør-Fron arbeids- og frivilligsenter besøk av finansminister Trygve Slagsvold Vedum. Han hadde ønske om å besøke Sør-Fron frivilligsentral for å få høre om frivillig innsats i Sør-Fron kommune – et tema finansministeren er opptatt av. Besøket ble avsluttet ved at ordføreren tok en omvisning på den nye vedmaskina på arbeidssenteret, og ordføreren påpekte at den ikke hadde stått der uten Sør-Fron sanitetsforening.



Foto: Redvald Heggelien



Foto: Bjørn K. Sletten

Viking for ein dag

Tradisjonen tru fekk sjetteklassingane i Sør-Fron, Nord-Fron, Ringeby og Sel vera vikingar for ein dag under årets Vikingdagar på Hundorp. Her er Dale-Gudbrand med husfrue.



Ut på tur – aldri sur!

Dårlig vær og litt regn stopper ikke pasienter og ansatte på Sørheim omsorgssenter i å dra på sykkelstur med sykkelen Triobike. Det er stor interesse for å komme ut og få en sykkelstur ute på området. Du blir møtt med et stort smil om munnen og ivrig vinking når du ser de ute på tur.

Stor stas og et skikkelig fint tilbud; frisk luft og gøy for alle!



Store nedbørsmengder fall over Sør-Fron måndag 8. august. **Foto:** Bjørn K. Sletten

Hans herja med sørfrøningane

Uværet «Hans» var varsla. Men ingen hadde nok sett for seg kor store skadar han skulle bringe med seg.

Søndag 6. august vart det sendt ut raudt varsel om flaumfare og jord- og flaum-skredfare på grunn av uværet «Hans». Måndag sette Sør-Fron kommune krise-stab. Dei neste døgn vart svært spesielle for innbyggjarar og tilsette i Sør-Fron kommune. Store nedbørsmengder gjorde at både Laugen og ikkje minst sideelver og bekkar flaug opp og gjorde store skader.

– Det er fyrste gong vi har måtta evakuere folk i Sør-Fron. Det er spesielt. Sjølv om det er store øydeleggingar er eg glad for at det trass alt ikkje har gått liv, sjølv



Beredskapssjef hos Statsforbvaltaren i Innlandet og ordførar Ole Tvette Muriteigen ser på øydeleggingane etter «Hans».

om sume har mista mykje, sa ordførar Ole Tvette Muriteigen under møte med dei sørfrøningane som var evakuerte.

Justisminister på besøk

Justisminister Emilie Enger Mehl besøkte Sør-Fron eit par dagar etter uværs-herjingane. Ho tok seg tid til å snakke med dei evakuerte, samtidig som ho fekk sjå dei store øydeleggingane uværet hadde skapt.

Mange tilsette i Sør-Fron kommune jobba dag og natt for å hindre skadar, og for å oppretthalde kritiske samfunns-funksjonar og tenester for innbyggjarane våre. Mange kom seg ikkje på jobb, noko som førte til meir arbeid på andre. Vegar og barnehagar vart stengte.

Kommunalteknisk avdeling hadde hektiske dagar og netter på jobb.

– Under ekstremværet vart det lagt ned ein stor innsats døgnet rundt for å oppretthalde vassforsyninga i kommunen, og minimere skadeomfanget på det nye vass-verket. På tross av at Augla kom inn langs E6, lyktes dette arbeidet, seier tenesteleiar for kommunalteknikk, Åge Øverjordet.

Noko av det verst tenkelege ville for eksempel vore om Sørheim omsorgssenter skulle bli utan vatn, men med våre dyktige driftsoperatørar på jobb kontinuerleg i to døgn klarte kommunen sine tilsette å berge dette ved bruk av bensinlense-pumper og nødstraumsaggregat.

– På Frya Renseanlegg vart det også sett i gang viktig førebyggjande arbeid. Og på kommunale vegar gjorde dei tilsette saman med lokale entreprenørar ein stor innsats med å begrense skadeomfang, og lokalkunnskap vart viktig for å iverksette verknadsfulle tiltak, seier Øverjordet.



Justisminister Emilie Enger Mehl tok seg tid til å snakke med dei evakuerte. **Foto:** Bjørn K. Sletten



Slik såg det ut rundt vassverket til Sør-Fron kommune da uværet rasa som verst. **Foto:** Sør-Fron kommune

Stort etterarbeid

Etterarbeidet etter Hans er og har vore ganske stort, og har mellom anna bestått i reparasjon av vegar, skifte av stikkrenner og bekkeinntak, samt reparasjon og idriftsetting av pumpestasjonar som har stått under vatn.

– Det er fortsatt mykje arbeid som gjenstår for å førebygge framtidige hendingar og sette alt i stand att. Sideelvene må også

ha stort fokus dersom midlar til gjennomføring kjem frå staten, avsluttar tenesteleiar Øverjordet.

På heimesida til kommunen, www.sor-fron.kommune.no kan du sjå korleis været og situasjonen utvikla seg frå time til time, dag til dag. Her finn du også informasjon om natur-skadeerstatning med meir.



Røde Kors, kommunalt kriseteam og NAV deltok på møte med dei flaum-ramma i august. Ordførar Ole Tvette Muriteigen var sjølv sagt også til stades. Her Svein Syslak frå Røde Kors i samtale med kommunalsjef for helse og omsorg i Sør-Fron kommune, Christine Vaagen. **Foto:** Bjørn K. Sletten



Ivan Elvelund leder oppryddingen i Sør-Fron. Han og hans team har funnet mye søppel.

Storstilt ryddeaksjon

I oktober har flere arbeidslag fra Elvelund Skogpleie ryddet søppel og avfall langs strandlinja på begge sider av Lågen mellom Harpefoss og Frya på oppdrag for Sør-Fron kommune.

Det er brukt båt til ryddingen.

– Målet har vært å rydde mest mulig søppel etter uværet «Hans». Det var spesielt mye søppel på øyene i Lågen, både fra flommen i år, men også søppel fra tidligere flommer, forteller landbrukssjef Ragnhild Sperstad ved Midt-Gudbrandsdal landbrukskontor.

Ryddet i reservater

Det anslås at man har fått ryddet bort ca 90 % av alt avfall langs elvebredden. Alt avfall blir levert til Midt-Gudbrandsdal renovasjonsselskap sitt anlegg på Frya og til Stensli gjenvinning. Større gjenstander man ikke har fått med i båt, har blitt registrert i appen «Rydde».

– Avfallet som er ryddet kommer fra både landbruk, privathusholdning, men også en god del fra anleggsarbeid, sier Sperstad.

Av avfall som er ryddet er plast, bildekk, oljefat med ukjent innhold, rørhatter, hvit plast i små og store biter, presenninger mm. Det er i høst også ryddet søppel i naturreservatene i Hundorp og i Rykkhustjønn. Her er det Statsforvalteren i Innlandet som har tatt initiativ og styrt prosjektet.

Oppfordrer til rydding

For andre områder i Sør-Fron oppfordres det til å rydde søppel.

– Det finnes blant annet muligheter for støtte til frivillig dugnad for rydding etter Hans fra handelens miljøfond, sier Ragnhild Sperstad som oppfordrer lag og foreninger til å søke om å rydde i sitt nærmiljø som en alternativ dugnadsform til lodd- og artikkelsalg.

Mer info finnes på handelensmiljofond.no.



Her blir det nytt bibliotek

Det har husa både blomsterbutikk, sportsforretning, rekneskapskontor og parfumeri. Nå rykker litteraturen inn i Sør-Fron senter.

Kommunestyret i Sør-Fron vedtok den 11.05. å inngå ei langsiktig leieavtale med Sør-Fron senter, slik at biblioteket kan opnast opp att i 1. etasje der så raskt som råd.

I mars i 2023 vart nemleg hovudbiblioteket stengt, etter at ein brannvern- rapport slo fast at det ikkje var forsvarleg å drive bibliotek i dei lokalane biblioteket har hatt sidan 80-talet. Sidan da har biblioteket vore drifta som minibibliotek i tilknytning til servicekontoret.

Viktig for innbyggerane Kommunestyret vektla i sitt vedtak viktigheita av eit godt, sentralt folkebibliotek.

– Eit godt og tilgjengeleg folkebibliotek som attraktiv møteplass er viktig for

innbyggerane i kulturbygda Sør-Fron, og viktig for vidare utvikling av kommunesenteret Hundorp, slo politikanane fast. Etter at vedtaket vart gjort har saka vore oppe att i

kommunestyret ein gong til. Der vart det beslutta å kjøpe, ikkje leige, og også gjere plass til kommunen sin helsestasjon i lokala.

I vedtaket frå 07.09.2023 heiter det at «Helsestasjonen og helsestasjon for ungdom får nye lokaler i tilknytning til nytt bibliotek i kommunesenteret. Behovet for lokaler og utformingen av disse innarbeides og tas hensyn til i det vidare arbeidet med nytt bibliotek og renovering av kontorlokaler i kommunehuset. Målet med tiltaket er å frigjøre plass på Sørheim, samt løse

behovet for lokaler og gi en bedre møteplass for brukerne av helsestasjonen. Helsestasjonen for ungdom må ha tilbud om ettermiddagen.»

Det betyr ei spennande samlokalisering av kommunale tenester i sentrum.

Har spennande planar

Biblioteksjef Marit Kamp Lie er godt i gang med detaljplanlegginga av det nye biblioteket.

– Det at vi måtte stenge var fælt, og det har vore leitt at vi ikkje har hatt ope hovudbiblioteket sidan mars, seier biblioteksjefen.

– Det blir bra å få nye lokalar, og nytt inventar. Nå ønskjer vi å fylle det nye biblioteket med liv, seier Kamp Lie.

Biblioteksjefen er midt i prosessen med å ferdigstille bibliotekplan for Sør-Fron, som har tittelen «Mitt drømmebibliotek». Ho håpar innspela som har kome der, og tankane som er tenkt i planarbeidet, kan tas med inn i nytt bibliotek. Ho er ikkje i tvil om kvifor det nye biblioteket blir viktig.

– Det er viktig med ein møteplass. Og det er viktig med godt utval av litteratur som er tilpassa innbyggerane våre. Dette gler vi oss til, avsluttar Marit Kamp Lie.

Midlertidig bibliotek i tilknytning til Servicekontoret fortsett fram til nye lokalar er klare, for å best mogleg ivareta brukarane sine behov, men arealet blir snart utvida, slik at innbyggerane skal få eit betre tilbod medan dei ventar på eit heilt nytt bibliotek. Det er for tidleg å seie noko om når dei nye lokala står klare.

Såg Sør-Fron frå sykkelsetet

Ei av dei store hendingane i Sør-Fron denne sommaren, var da NRKs sykkelssommer la turen gjennom bygda. Fleire hundretusen sjåarar fekk med seg store delar av kommunen vår gjennom årets sakte-tv-satsing på statskanalen. God reklame!



Alle foto: Live Jørstad Bakka



Dalseter i Espedalen er eitt av dei tidlege reiselivsstadene i kommunen vår, og naturleg del av ein kulturmiljøplan. Foto: henta frå dalseter.no

Vil involvere breitt om kultur-minneplan

Sør-Fron kommune varsla i sommar oppstart av arbeid med temaplan for kulturminne.

Det er ein ambisjon at Sør-Fron kommune skal ha ein kulturminneplan som omfattar heile kommunen og alle tidsepokar.

– Kulturminne er ei viktig kjelde til kunnskap om vår fortid og historie. Sør-Fron kommune har ein stor og rik kulturarv med kulturminne med både

lokal, regional og nasjonal kulturminneverdi. Føremålet med kulturmiljøplanen er å styrka kulturminnevernet i kommunen, og sikra og gjera kjende dei viktigaste kulturminneverdiane, seier tenesteleiar for kultur og kommunikasjon, Bjørn K. Sletten. Han er prosjektleiar for planarbeidet.

I løpet av hausten har planen vore ute på ei innspelsrunde, og det har kome nokre få innspel i oppstarten. Framover skal det arrangerast opne møter med mellom anna histoirelaget.

– Vi ønskjer at planen skal forankrast så breitt som mogleg, og vil derfor ha innspel frå så mange som mogleg, seier Sletten.

Målsetjingane med planen er:

- At den skal brukast i den kommunale forvaltninga i arbeid med arealplanar, reguleringsplanar, formidlingstiltak og anna
- Å auke kunnskapen og forståinga av kulturminna i kommunen
- Gje grunnlag for formidling og synleggjering av utvalde kulturminne og -miljø.

På heimesida til kommunen kan du lese oppstartsnotatet som skildrar innhald og vidare planprosess. Fyrste del av planen skal ta utgangspunkt i Gudbrandsdalsmusea sin rapport (med førearbeid) frå 2018, der tema er Setermiljø og kulturminne i utmark. Denne finn du også på heimesida vår.

Informasjon og opningstider

Her finn du oss!

Kommunevegen 1, 2647 Sør-Fron
www.sor-fron.kommune.no

Servicekontoret

E-POST: postmottak@sor-fron.kommune.no
TELEFON: 61 29 90 00
OPNINGSTIDER:
Måndag–fredag: kl. 09.00–14.00.

Biblioteket

E-POST: bibliotek@sor-fron.kommune.no
TELEFON: 901 52 483
OPNINGSTIDER:
Måndag: 12.00–19.00
Tysdag: Stengt
Onsdag: 09.00–14.00
Torsdag: 09.00–14.00
Fredag: Stengt

Fron Badeland «Fronsbadet»

Årskortkampanje

Pris: kr. 1 299,- (Veil. kr. 2 499,-)
Salgsperiode: uke 49 og 50.

Våre fasiliteter!


- 25 meter treningsbasseng
- Terapibasseng 32 grader
- Barnebasseng
- Stupebasseng
- Boblebad
- Bidett
- Steambadstue
- 48 meter vannsklie
- Strømningskanal
- Grotte
- Hinderløype
- Sol-plass
- Is-dunj
- 1- og 3 meter stupebrett
- Kafe
- Badebutikk og bilettskranke

fronbadeland.no

	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
	16.00–20.30	07.00–15.00	16.00–20.30	16.00–20.00	12.00–18.00	12.00–18.00

Mandager stengt. Se hjemmeside for åpningstider i skoleferier.

Returadresse:
Sør-Fron kommune
Kommunevegen 1, 2647 Sør-Fron



«Det fell lettast å tru
det som er gale.»

ORDTAK SAMLA AV EVEN SVEIPE
(1866–1943) FRÅ SØR-FRON.



**SØR-FRON
KOMMUNE**
Den grøne kulturbygda

